




NATURVERNFORBUNDET HORDALAND
Tverrgaten 4
5017 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Torkel Hofseth, 5764 3083

Endring av vedtak - ulovleg ombygging av del av Smogakampvegen

Vi viser til vedtaket vårt dagsett 08.09.2022, endra 14.06.2023 (mindre endring av trasé).

I vedtaket godkjende vi vegplan for starten av Smogakampvegen. Samstundes kravde vi tilbakeføring av delar av den ombygde traktorvegen som mangla godkjenning (merkt med rosa farge på biletet). Resten av den ombygde traktorvegen ettergodkjende vi med heimel i landbruksvegforskrifta.





Landbruks- og matdepartementet har i vedtak datert 22.01.2024 slått fast at etterfølgjande godkjenning ikkje kan skje med heimel i skogbruksloven og landbruksvegforskrifta. Det må eventuelt skje etter reglane i plan- og bygningsloven.

Det rettslege grunnlaget for departementet sitt vedtak er framstilt slik:

«Reglene i plan- og bygningsloven, skogbruksloven og jordlova er samordnet når det gjelder byggesak. Plan- og bygningsloven har regler som åpner for å gi unntak fra byggesaksreglene, jf. §§ 20-5 og 20-6. For landbruksveier er det gjort et unntak i byggesaksforskriften § 4-3 bokstav e. Dersom det er gitt tillatelse til bygging av landbruksvei etter landbruksveiforskriften, er det dermed ikke nødvendig å søke om byggetillatelse etter plan- og bygningsloven eller tilhørende forskrift. I denne saken forelå det ingen tillatelse etter landbruksveiforskriften. Konsekvensen av det er at tiltaket heller ikke var unntatt fra byggesaksreglene etter plan- og bygningsloven da veien ble bygget. Departementet legger til grunn at verken skogbruksloven eller bestemmelser i landbruksveiforskriften gir hjemmel for å legalisere allerede bygde veier, selv om veitiltaket som sådan fyller vilkårene for å kunne anses som en landbruksvei etter landbruksveiforskriften.»

Naturvernforbundet i Hordaland har i brev dagsett 22.03.2024 vist til Landbruks- og matdepartementet si avgjerd. Dei krev at vi gjer om den delen av vedtaket vårt som gjaldt den uløyves ombygginga av traktorveg til skogs bilveg (traséen med raud farge på kartet).

På bakgrunn av Landbruksdepartementet si avgjerd er det ikkje heimel i landbruksvegforskrifta til å handsame den uløyves ombygginga av traktorvegen til bilveg – rosa og raud trasé på kartet. Følgeleg er den delen av vedtaket vårt som omhandlar ombygginga ugyldig og tiltaket må søkjast om og handsamast av kommunen etter Plan- og bygningsloven.

Samstundes erfarer vi at arbeidet med bygging av skogs bilveg i grøn trasé på kartet og samtidig fjerning av skogs bilvegen i rosa trasé er i full gang. Fristen vår for ferdigstilling vart sett til 01.06.2024 i vedtaket vårt dagsett 14.06.2023. Vi er gjort kjende med at det har vore vanskeleg å skaffe entreprenør og vi vel å gje utsetjing på ferdigstilling av vegen fram til 01.10.2024.

Saka og trasévalet er vurdert etter prinsippa om offentlege avgjersler i naturmangfaldlova § 8 – 12 i kommunen sitt opphavlege fagnotat. På bakgrunn av synfaringar av den uløyves bygde vegen er kommunen i første rekke opptekne av fara for avrenning av finstoff i sidebekken til Frotveitvelva som renn ut i Fjelltveitvatnet som ligg i øvre del av den elvemuslingførande Os-elva. Kommunen har ved diverse synfaringar av veganlegget også observert synlege fraksjonar av næringsavfall i fyllingar utanfor og i berelaget i vegen. Kommunen manglar tilstrekkeleg dokumentasjon på kor massane stammar frå og om dei difor kan reknast som ikkje forureina jf. Forureiningslova § 7.

I området der grøn trasé er planlagd er det elles ikkje registrert viktig eller sårbar natur i tilgjengelege basar.

Avrenning av finstoff til vassdrag, blant annet som følge av graving og byggeaktivitet, kan ha svært negativ innverknad på bestanden av elvemusling so vel som andre artar i vassdraget.

Vi er opptekne av at vassdraget ikkje vert belasta med avrenning av finstoff frå vegbygginga og det er difor eit krav at det vert nytta miljøforsvarlege teknikkar under vegbygginga som fangdammar/filter og stopp i byggeaktiviteten i sterke nedbørsperiodar.



Det skal sjølv sagt ikkje nyttast ureine massar i bygginga, som til dømes betong eller anna næringsavfall.

Med bakgrunn i departementet sitt vedtak, kravet frå Naturvernforbundet i Hordaland og dei opplysningane vi er gjort kjende med om framdrifta i saka, endrar vi vedtaket vårt til berre å gjelde godkjenning av den grøne traséen:

Vedtak

I medhald av Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar godkjenner Statsforvaltaren i Vestland bygging av skogsbilveg kl 4 i samsvar med grøn trasé på kartet. Skogsbilvegen skal byggast i samsvar med plan og [Normaler for landbruksveier](#).

- Fristen for ferdigstilling av vegen vert sett til 01.10.2024
- Elles gjeld vilkåra i kommunen sitt vedtak.
- Mindre avvik på traséen for best tilpassing til beitet kan godkjennast.
- Ved bygging skal det i første rekke nyttast stadeigne masser. Dersom det skal køyrast til masser, skal dei vere i samsvar med kommunen sine retningsliner; naturlege, reine massar, dvs. stein, grus, pukk, sand og eventuelt jord. Masser som er definert som avfall, skal ikkje deponerast utan godkjenning frå Statsforvaltaren/miljødirektoratet.

Når det gjeld uløyves ombygging av traktorveg (rosa og raud trasé) må tiltakshavar ta kontakt med kommunen for vidare søknad og handsaming.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Torkel Hofseth
fylkesskogmeister

Dokumentet er elektronisk godkjent